



Marion Rodgers Løseth
Dagleg leiar
Folkeakademiet Hordaland
c/o Hub Bergen Holmedalsgården 3
5003 Bergen
tlf. 40 76 01 71
facebook.com/folkeakademiehordaland
[@visstvirkerkultur #kulturtifolket](https://twitter.com/visstvirkerkultur)
TW:@kulturderdubur

Innspel til Regional Kulturplan for Hordaland 2015 – 2025

Bergen, 25.09.14

Kommentar særleg til punkt 5.3 Verdiskaping

7. Innsatsområde Frivillighet

Frå planen s. 37–38:

"Det frivillige kultur- og idrettslivet skal ha gode livsvilkår, med stabile rammer for organisasjonane. Paraplyeininger som frivilligsentralar, idrettsråd og eldreråd samordnar gjerne ei større mengd foreiningar. Det kan vere eit potensiale i å nytte desse meir aktivt frå offentleg hald, som ein stimulans for auka kulturaktivitet og engasjement. Opplæring er også ein viktig del av tilbodet til mange frivillige organisasjonar, og eit nyttig supplement ved sida av det formelle utdanningssystemet."

Det er også nemnt oppretting av amatørkulturråd lokalt og på fylkesplan.

I handlingsplanen er dette teke oppatt.

Merknad frå Folkeakademiet Hordaland

Eit nytt fellesorgan kan trekkja folk ut frå aktivitet i organisasjonane.

Kvífor oppretta ein ny organisasjon dersom den lokale kompetansen finst i eksisterande nettverk? Folkeakademiet Hordaland meiner ein bør satsa på å leggja til rette for samarbeid mellom eksisterande organisasjonar og institusjonar. I mange kommunar er det idrettsråd, song- og musikkråd, barne- og ungdomsråd og folkeakademi som samlar svært mange av organisasjonane innan amatørkultur. Kulturkontora eller frivilligsentralen kan ha ansvaret for at partane møtest og drøftar felles utfordringar/ behov. I amatørorganisasjonane kan det vera behov for tekniske hjelpemiddel (t.d. enkle høgtalaranlegg, prosjektørar – behova endrar seg med åra) til bruk på mindre arrangement. Desse bør vera plassert slik at dei er enkle å nå i, t.d. på frivilligsentralen.

Folkeakademiet Hordaland meiner altså at i staden for å oppretta eit nytt organ i kommunane, kan ein byggja på, og ivareta, det nettverket av paraplyorganisasjonar som eksisterer og har aktivitet. I Bergen er det naturleg at Bergen Amatørkulturråd er med i dette samarbeidet.

Slik det er i dag meiner vi at det manglar ein samorganisering innanfor det frivillige kulturlivet. Kommunikasjon er nøkkelen og vi må legge vekt på praktisk relevans. Eit amatørkulturråd vil kunne samle det frivillige organisasjonslivet, og det må gjerast av nokon med god lokal kunnskap og i samarbeid med dei lokale styringsinstansane.

Vi meiner at Folkeakademiet Hordaland kan bli det koordinerande leddet. I staden for å bruke midlar på å starte helt nye samansetningar i amatørkulturråd kan denne funksjonen leggjas til folkeakademiet. Då unngår vi byråkratisering og bruke allereie eksisterande lokale krefter. Så trur me at amatørkulturråda må kome når det er tilstrekkelig aktivitet. Folkeakademiet Hordaland har også ei allereie eksisterande og velfungerande turnéordning for heile Hordaland fylke som det er naturlig å byggje vidare på i staden for å starte noko heilt nytt. Vi samarbeider dessutan med prosjektet Huset i Bygda (Hordaland Ungdomslag), og Hordaland Barne- og Ungdomsråd om samorganisering av kulturaktivitet i heile fylket. Vi ynskjer saman å oppfordre fylkeskommunen til å la oss vere delaktige i utforminga av amatørkulturråd.